

Etat	Merknad oppsummert	Fylkesrådmannen si vurdering
Austevoll kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om kraftig utbetring av ferjetilbodet på ferjesambandet Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg på grunn av kraftig trafikkvekst, høg næringsaktivitet og manglande omkøyringsveggar. • Understrekar behovet for å oppretthalde ei god lokalbåt rute i Austevoll med teneleg rutetilbod. • Snøggbåtruta til Sunnhordland er ein sentral del av kollektivtilbodet i fylket; ruta må styrkast med fleire anløp og stjernestopp i Bekkjarvik. • Ferjeavløysingsprosjekt; ber om at denne finansieringsmodellen, på lengre sikt, vert nytta til å knytte Austevoll på ny E 39. • Ber om at prosjektet Torangsvågbrua vert lagt inn tidleg i denne planperioden. • Ber om at strekninga frå Storebø, via austsida av Huftarøy og heilt fram til Salthella vert overordna vegnett. • Ber om at flytting av ferjekaien på Krokeide vert utgreidd. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1.
Bergen kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Planen må ta omsyn til Bergen kommune sitt mål om 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, med 2013 som basisår. Bystyret vil at bompenger skal bidra til drift av kollektivtransporten. • Innspel på utgreiingsbehov: Bystyret ønskjer ein plan for utviding av trolleybussnettet eller bussnett for nullutsleppsbusser i Bergensområdet. • Innspel til nytt utgreiingsbehov (kap. 5.1.7) Sykkel og gange; <i>Det må utarbeidast ein plan for tiltak som kan forbetre trafiksikkerheiten til syklende i heile fylket. Til dømes skal omsynet til syklende takast med i vurderinga av planlegging av kryss/rundkjøringar på fylkesvegane, sjølv om det ikkje er eigne sykkeltrasear i området.</i> • Innspel til nytt utgreiingsbehov (kap. 5.1.9) Trafikksikring; <i>Det skal lagast ein eigen analyse av ulykker kor syklistar har vore involvert.</i> • Bekymra for at storbyutfordringane i Bergen ikkje vert løyst på ein optimal måte. Peikar på at Bergen kommune må ha ei sterk rolle i å utforme den regionale transportplanen og at planen ikkje må avgrense bymiljøavtalen sin moglegheit til å handtere transportutfordringane i og rundt Bergen. Samspelet mellom Bergen og omlandskommunane må kome fram meir tydeleg; viktig premiss/krav for å nå nullvekstmålet. Formålet med RTP må vere å sjå Bergen og det funksjonelle byområdet og regionen sine behov i ein samanheng; må endre punkt 1 under utgreiingsbehov. • Ber om at Kommuneplan for Bergen vert inkludert i kap. 3.3. Gjeld både arealdel og samfunnsdelen. • Ber om at Bergen kommune får sjølvstendig representasjon i den administrative prosjektgruppa. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.3 og 6.3
Bergen Næringsråd	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om at arbeidet med RTP og innspel til NTP vert sett i ein samanheng; som parallelle prosesser. Viktig at dei felles prioriteringane som vert gjort i innspel til NTP og vert presentert i RTP. • Ber om at riksvegnettet, jernbane og sjøtransport får ei grundig handsaming i RTP. • Ber at det vert lagt til grunn fleksible nok vekstprognoser og planlegge langt fram. • Ber om at Bergen Næringsråd vert invitert inn i referansegruppa. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 3.2.
Bergen og Omland havnevesen	<ul style="list-style-type: none"> • Vil understreke at havna er viktig infrastruktur for transport av gods og passasjerar på sjø. • For å oppnå auka sjøtransport er følgjande føresetnader for hamna viktig; lokalisering, tilstrekkeleg areal og 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort

	kapasitet.	endringar i planprogrammet.
Etne kommune	<ul style="list-style-type: none"> Ber om at fylkesveg 48 mellom Håland (på E 134 i Stordalen) og Skånevik ferjekai (der ferja til Utåker/Matre i Kvinnherad går) vert flytta til overordna fylkesveg. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1.
Evensen, Hans Olav	<ul style="list-style-type: none"> Ber om midlar til opprusting av vegstrekninga og etablering av fortau på fylkesveg 404 frå Alversund skule og vidare nordover. Vegstrekninga har dårleg standard og er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Fiskeridirektoratet	<ul style="list-style-type: none"> Ber om at spørsmål til deponering av overskotsmassar i samband med utbygging av transportinfrastruktur vert vurdert i den vidare planprosessen. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Fjell kommune	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeiding av regionale planar får store konsekvensar for lokal forvaltning. Ber om at utarbeiding av planen legg stor vekt på lokal forankring og samarbeid med kommunane og at det vert skildra i planprogrammet. Ber om at riksvegane si rolle i det samla transportsystemet i fylket vert vurdert i planarbeidet. Ber om at regionen står samla i sak om vedtak av reguleringsplan for Sotrasambandet (Rv 555). Ber om at fylkesveg 210 vert vurdert som ein del av det overordna fylkesvegnettet. Ber om at det vert lagt inn ein omtale av framtidige vegplanar; prioritering og funksjon i samanheng med eksisterande overordna vegnett i regionen. Viktig mellom anna for vurdering av risiko og sårbarhet (beredskap) og næringsutvikling. Prinsippet med stamliner og hovudliner i gjeldande RTP må vidareutviklast. Ønskje om at Vestsidvegen (Fv 210) vert ein prioritert trase for kollektivtrafikk. Saknar fokus på behovet for utgreiingar på potensiale for persontransport sjøvegen. Innfartsparkering må få auka fokus. Fjell kommune ønskjer å bidra til å nå mål om nullvekst i personbiltransporten i Bergensområdet, men ber om at arbeidet reflekterer skilnaden mellom Bergen og omlandskommunane. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 3.2, 5.1 og 5.3.
Fylkeseldrerådet	<ul style="list-style-type: none"> Kollektivtrafikken må auke av omsyn til miljø og klima. Fylkeskommunen bør oppmode om overgang til el- og hybridbilar ved skifte av bil. Alle kollektive transportmidlar bør etterkvart få universell utforming; inkludert haldeplassar. Ulike transportmiddel på korrespondere med kvarande. Innspel på at det framleis bør vere mogleg med billettsal om bord på bussar, ferjer og hurtigbåtar, samt trykt format med takstar og ruter. Innspel på at skuleruter bør gå som vanleg i skulefrie periodar. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Fylkesmannen i	<ul style="list-style-type: none"> Transport i Bergensområdet; konsekvensar av auka vegkapasitet (overordna ringvegssystem) må belyst og 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev

Hordaland	<p>nødvendige tiltak, til dømes auka prioritet til kollektivtransporten på overordna vegnett, som må til for at eit ringvegsystem ikkje einssidig vil føre til auka biltrafikk må skildrast.</p> <ul style="list-style-type: none"> • RTP vil legge Regional areal- og transportplan for Bergensområdet til grunn; stor ulikskap mellom regionsentra og behov for å styre veksten til område kor det ligg best til rette for miljøvennleg transport og der det er mest kostnadseffektivt. • Reisevaneundersøkinga for Bergensområdet bør tas i bruk ved prioritering av tiltak. • Rår fylkeskommunen til å vere varsam med vidare satsing på innfartsparkering. Innfartsparkering er ikkje eit særleg treffsikkert og kostnadseffektivt verkemiddel når det gjeld å erstatta personbilreiser med kollektivtransport. Forslag til nytt utgreiingstema; Analyser av det enkelte innfartsparkeringsprosjekt med omsyn til forventa effekt. • Positive til fokus på risiko og sårbarheit. • Saknar omtale av E 16 Bergen-Voss; tema ras og trafikksikring. 	deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.3.
Hardangerrådet IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Plantema 5.1 Fylkesvegnettet og 5.2. Kollektivtransport utanom Bergensområdet er særleg viktig for vekst og utvikling i Hardangerregionen. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Hardangerviddatunnelene AS	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om at dei statlege ansvarsområda vert tatt inn som eigne plantema; å unnlata å gjere det medfører at HFK ikkje vert ein premissleverandør for utvikling av transportsystemet i fylket. • I kap. 3.2.3 Jernbane er Forum Nye Bergensbanen trekt fram. HFK sitt medlemskap i IS RV 7 og fleirtalsvedtak om å prioritere vintersikker helårsveg er derimot ikkje nemnt. • Kap. 3.3. Regionale føresetnader for planarbeidet; under «Andre regionale og kommunale utgreiingar» bør Øst-vestutgreiinga og KVU Rv. 7 Hardangervidda inkluderast. • Ønskjer å delta i referansegruppa. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 3.2 og 3.3.
IS Fjordvegen Rute 13	<ul style="list-style-type: none"> • Peike på at planprogrammet må omtale fylkesvegnettet si tilknytning til Rv 13. • Plan for omkøyning og tilførsleveggar for Rv 13 må inn i planprogrammet. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Jernbaneverket	<ul style="list-style-type: none"> • Planarbeidet må ta inn over seg statleg transportpolitikk og bygge vidare på premiss som vert gitt og kople seg på og bygge opp om Regional plan for senterstruktur (vedtatt) og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (vore på høyring). • RTP må bygge på mål som skal ligge til grunn for neste NTP. • RTP må ta utgangspunkt i nullvekstmålet; i Bergen og i korridorene inn til Bergen. • RTP må bygge opp under den fastsatte overordnede senterstrukturen for fylket. • Arna må utvikles som ett knutepunkt for beboere i hele østregionen i Bergensområdet med gode «mateordningar» for kollektivtrafikk. • Ulike løysningar som foreligger for styrking av Jernbanen i Hordaland må omtales i planen. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 3.2.
Kvam herad	<ul style="list-style-type: none"> • Viser til overordna mål om at «<i>transporttilbodet skal bidra til ei positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar</i>». Peiker på at ein må ta heile fylket i bruk. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman

	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på nytt plantema; Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytt til ny prioritering av hovudsamband aust/vest. • Innspel på tema i planen; Viktige omkøyringsvegar for riksvegnettet. • Viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan. Planen må ha som mål å synleggjere det samla behovet for skredsikring i Hordaland. • Innspel på tema i planen; Vegar på det øvrige fylkesvegnettet kan ha låg prioritet for fylket, men vera viktig for utvikling i ein kommune. Manglande opprusting av fylkesvegar kan vera til hinder for utvikling av nye bustad- og næringsareal. • Gang- og sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen; el-syklar og tiltrettelegging for sykkelveg i nye/eksisterande tunnelar. • Ber om fokus i planen på utfordringar knytt til store utfartsområde for rekreasjon; t.d. Kvamskogen. • Koordinering av kollektivtransport og reiselivskorridorar vil styrke grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett. Kollektivsatsinga må ha eit perspektiv på at heile fylket vert teke i bruk. • Ber om at planen følgjer opp at tilbodet på ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd jf. kapasitet og rutetider ikkje er tilfredsstillande. Sambandet passer og for 0- og lågutsleppsferjer. 	med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1 og 5.1.2.
Kystverket Vest	<ul style="list-style-type: none"> • Sjøtransport er godt omtala i planprogrammet og elles ingen merknader. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Lindås kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Moglege konsekvensar av retningslinjer i RTP ved. kommunal næringsutvikling, bustadbygging og arealutvikling. • Innspel til endring av tekst (kap. 2.2.2 Verknader av planen); ordet «motsegn» vert endra til «merknad». • Innspel til nytt utgreiingsbehov (kap. 5.1.1. Overordna fylkesvegnett); Utgreie muligheter og konsekvensar ved mogleg omlegging av E 39 gjennom Knarvik sentrum med trasé til Isdalstø og ny akse til Gjervik/Eikanger området. Også med tanke på regionsenterutvikling av Knarvik. • Innspel til nytt utgreiingsbehov (kap. 5.1.5 Tunnelar); Utgreie/kartlegge behov for opprusting av tunnelar, på strekninga Knarvik-Mongstad Fv. 57, til ein standard som tilfredsstillar tunnelar på Europa/riksvegnettet. Arbeidet vil vere førebuing for endring av Fv 57 til Riksveg. • Innspel til nytt utgreiingsbehov (kap. 5.2.1 Hovudlinjenett som knyter regionane saman); Utgreie behovet for natt/helgetilbod i sentrumsnære områder i regionsentra i samarbeid med kommunane og utgreie behovet for ringbussordningar i regionsentra. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 2.2.2.
Masfjorden kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på nytt tema i planen ved å ta i bruk ny inndeling av fylkesvegnettet, 1. Overordna fylkesvegnett 2. Viktige omkøyringsvegar 3. Øvrige fylkesvegar. • Viktig at arbeidet med rassikring vert vidareført med full tyngd og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan. • Innspel på tema i planen; Vegar på det øvrige fylkesvegnettet kan ha låg prioritet for fylket, men vera viktig 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1. og 5.1.2.

	<p>for utvikling i ein kommune. Manglande opprusting av fylkesvegar kan vera til hinder for utvikling av nye bustad- og næringsareal.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ber om fokus på vegar som kan styrke satsinga innanfor reiseliv og bærekraftige næringar i utkantområda av Hordaland. • Positivt til fleire av utgreiingsbehova under kap. 5.5. Finansiering. Ber om at planlagd bru over Masfjorden vert brukt som døme i arbeidet med å vurdere finansieringspotensiale i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar. • Innspel på at det bør etablerast ei eiga temagruppe på siste punkt under utgreiingsbehov i kap. 5.5. 	
Meland kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Peike på behovet for i større grad å nytta sjøen til kollektivtransport og anna ferdsel. • Satsinga på sykkel og gange bør og inkludere satsing til eksisterande, store bustad- og næringsområde langs fylkesveg utanfor kommunesentra for at satsinga skal vere eigna til å få ned personbiltrafikken. • Folketalsutvikling og bustadmønster må vere grunnlag for transporttilbodet. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Modalen kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på nytt tema i planen ved å ta i bruk ny inndeling av fylkesvegnett, 1. Overordna fylkesvegnett 2. Viktige omkøyringsvegar 3. Øvrige fylkesvegar. • Viktig at arbeidet med rassikring vert vidareført med full tyngd og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan. • Innspel på tema i planen; Vegar på det øvrige fylkesvegnett kan ha låg prioritet for fylket, men vera viktig for utvikling i ein kommune. Manglande opprusting av fylkesvegar kan vera til hinder for utvikling av nye bustad- og næringsareal. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1. og 5.1.2.
Regionrådet i Nordhordland	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om at følgjande punkt kjem med i utgreiingsarbeidet; Omkøyringsmoglegheitene til E 39 i Nordhordland er ikkje tilfredsstillande. Døme; Nordhordlandsbroa og stenging av E 39 i Romarheimsdalen fører til stor belastning på fylkesveg 57 som allereie er ei sær sårbar strekning. • Fylkesveg 57 må tilbakeførast som riksveg. • Ber om at fylkeskommunen legg til rette for at den ytre kyststamvegen får eit samanhengande vegnummer. • Tiltak i Nordhordlandspakken må prioriterast i planen. • Alversund bru er ein flaskehals på Tv 565 og må løftast fram slik at planarbeid og kostnadsoverslag kan utarbeidast. • Sambandet Vest og bru i Masfjorden (Masfjordsambandet) må bli prioritert i forhold til oppstart av formell planprosess. • Tilråd at det vert sett på moglegheitene for å ta i bruk ny teknologi på ferjer/hurtigbåter. • Ber om at tiltak for å sikre ei effektiv ferjedrift mellom Leirvåg og Sløvåg vert prioritert. • El-ferje på sambandet Valestrand-Breistein må sikrast for framtida. • Ber om at kveldsavgang for ferja til Fedje vert sikra for framtida. • Positivt til fleire av utgreiingsbehova under kap. 5.5. Finansiering. Ber om at planlagd bru over Masfjorden vert brukt som døme i arbeidet med å vurdere finansieringspotensiale i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.

	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på at det bør etablerast ei eiga temagruppe på siste punkt under utgreiingsbehov i kap. 5.5. • Kollektivtransport; pendlarrutane for buss på tilpassast nye buområde i dei ulike kommunane, båtrote Nordhordland-Bergen treng god korrespondanse med anna kollektivtrafikk og behov for gjennomgang av skulerutene i regionen. • Peike på Mongstad sine kvaliteter og fortrinn som ny godshamn i Bergensområdet. 	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig at det vert lagt opp til ein fordelingsmodell til fordeling av midlar mellom overordna og øvrig vegnett. • Behov for fornying og opprusting av ferjekaier bør kome tydelegare fram i planprogrammet. • Kartlegging og vurdering av bruk av finansieringspotensialet i den framtidige ordninga med ferjeavløysingsmidlar bør vurderast som eit eige prosjekt og prioriterast fram. • Det er avgjerande med ei sterk involvering frå regionane i arbeidet. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Sletten, Else-Margrethe	<ul style="list-style-type: none"> • Trekantsambandet mellom Ågotnes-Askøy-Mongstad må styrkast. • Peike på behov for ein samlande handlingsplan for å styrke sjøtransporten mot hamneanlegga på Ågotnes og Mongstad. • Peike på innføring av videokonferanserom som eit viktig miljøtiltak. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Statens vegvesen	<ul style="list-style-type: none"> • Rår til at det i planprogrammet vert utarbeida ei målformulering som gir tydeleg retning framover. • Ryddig dersom RTP fastset mål for transportsystemet i fylket, men at oppgåvene til andre forvaltningsnivå vert styrt av eigna prosessar med eigna medverkingsopplegg der fylkeskommune har ei heilt sentral rolle som regionalpolitisk styresmakt. • Kap. 5.1, utgreiingsbehov kulepunkt 2; bør vere meir tydeleg på metodikk som skal nyttast. • Kap. 5.1.2 Øvrig fylkesvegnett. Tvil om etablering av ein fordelingsmodell til fordeling av midlar mellom overordna og øvrig fylkesvegnett vil betre situasjonen. Problemet ligger primært på det totale løyvningsnivået. • Kap. 5.1.3 Standardkrav. Peike på at fylkeskommunen bør ha fokus på å arbeide for breidare fylkeskommunal medverknad ved val av dimensjoneringsklasse. Utgreiinga er noko ambisiøs og bør endrast slik at ein skal ta for seg framlegg til tilpassingar av dagens standardkrav på lågtrafikkerte vegar. • Kap. 5.1.5 Tunellar. Ønskje om breiare omtale i avsnitt II. • Kap. 5.1.6 Bruer og ferjekaier. Ønskje om tillegg til tekst. • Kap. 5.1.7 Sykkel og gange. Mangel på planavklarte tiltak er ei like stor utfordring som mangel på tilgjengelege midler. Endre utgreiingsbehov til å ha fokus på større regionsentra der potensiale for vesentleg auke i gange/sykling er størst. • Kap. 5.1.8 Ferjesamband; spørsmål om det skal vere eit tema i planprogrammet når det ikkje er definerte utgreiingsbehov. • Kap. 5.1.9 Trafikksikring; RTP må ta utgangspunkt i statistikk på trafikkulukker som vert utarbeida i eigne prosessar. • Kap. 5.1.10 Skredsikring; foreslår å stryke avsnitt tre på grunn av uvisse om korleis dei statlege midlande vert fordelt. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1.1, 5.1.4, 5.1.5 og 5.1.7.

	<ul style="list-style-type: none"> • Kap. 5.2. Kollektivtransport utanom Bergensområdet; usikker på betydningen av utgreiingsbehovet. 	
Stord Næringsråd	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig å få Hordfast E 39 inn i NTP med oppstart i 2018. • Kap. 5.1.3 Vedlikehald av fylkesvegnettet må ha høgare prioritet. • Kap. 5.1.8 Ny miljøvennleg ferjeflåte vil utløyse innsparingar på drift av ferjesamband. Innsparte midler må nyttast til investeringar i nye samferdsleprosjekt i fylket. • Kap. 5.2.2 Satsinga på kollektivtransport utanfor Bergen og koordineringa mellom buss/båt/ferje/taxi må bli betre. Viktige trafikknutepunkt som Leirvik må prioriterast, og kollektivtilbodet må kommuniserast på ein enkel måte. • Kap. 5.4 Viktig at HFK held fram som eigar av Sunnhordland lufthavn AS. • Innspel til nytt plantema; Utvikling av sjøtransport. Viktig for å følge opp nasjonale føringar om meir gods frå veg til sjø. • Innspel til strategi under Sjøtransport; Utvikling av hurtigbåttrafikken og utvikling av ein moderne og miljøvennleg hurtigbåtflåte. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Sund kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om at Fv 555 Kolltveit – Klokkarvika vert vurdert som ein del av overordna fylkesvegnett. • Ferjekaien i Austefjorden vert vurdert som viktig av beredskapsomsyn. • Ønskjer ei ny vurdering av fastlandssamband til Klokkarvik, Lerøy, Bjelkarøy og Hjellestad jf. ferjeavløysingsmidlar til fylkesvegsamband. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå saksframlegg punkt 5.1.
Tonning, Geir Bruland	<ul style="list-style-type: none"> • Ber om utbetring av Fv. 404 Kvamme-Kvamsbrekko-Fosse for å få sikker skuleveg og moglegheit for utbygging i området. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Trygg Trafikk	<ul style="list-style-type: none"> • Målstrukturen må reflektere dei nasjonale transportpolitiske målsetjingane og det er uheldig om trafikktryggleik vert verdset lågare enn effektivitet og framkome. • Ber om at RTP og Handlingsplan for trafikksikring vert sett i ein samanheng. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Tysnes kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på at tryggleik må vere eit sentralt perspektiv i kartlegging av behov for utbygging av anlegg for sykkel og gange langs fylkesvegane utanom Bergen. • Innspel på nytt plantema; ferjesamband. • Saknar ein plan for utvikling og vidareføring av interkommunale buss-samband og korrespondanse mellom regionale sentra. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Ullensvang herad	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på at framtidig behov for å gjera transporttilpassingar til ein venta ny kommunestruktur; auka sentralisering og strategiske vegutbetringar. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev ikkje merknaden at det vert gjort endringar i planprogrammet.
Vaksdal kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på nytt tema i planen ved å ta i bruk ny inndeling av fylkesvegnettet, 1. Overordna fylkesvegnett 2. Viktige omkøyringsvegar 3. Øvrige fylkesvegar. • Viktig at arbeidet med skredsikring vert vidareført med full tyngd og at nye strekningar vert prioriterte på grunnlag av revisjon av noverande plan. 	Etter fylkesrådmannen sitt syn krev deler av denne merknaden, saman med andre, at det vert gjort endringar i planprogrammet, sjå

	<ul style="list-style-type: none"> • Innspel på tema i planen; Vegar på det øvrige fylkesvegnettet kan ha låg prioritet for fylket, men vera viktig for utvikling i ein kommune. Manglande opprusting av fylkesvegar kan vera til hinder for utvikling av nye areal til bustad, næring og område for fritidsbustader. • Gang- og sykkelveg gjennom tettstadane må vera eit viktig tema i planen; el-syklar og tilrettelegging for sykkelveg i tunnelar er to faktorar som kan utvide dei naturlege grensene for tettstader og knyte bygder saman. • Koordinering av kollektivtransport og reiselivskorridorar vil styrke grunnlaget for eit samfunnsnyttig transportnett. Kollektivsatsinga må ha eit perspektiv på at heile fylket vert teke i bruk. • Peike på behovet for saumlause løysingar for billett- og overgangssystem mellom ulike transportaktørar. • Peike på innfartsparkering som eit viktig tema i planen; med Vossabanen som døme på transportåre for pendlarar. • Viser til pågåande moglegheitsstudie for regional utvikling i traseen Voss-Arna; viktig kjelde for prioriteringar i fylkesvegnettet. • Innspel på nytt plantema; massehandtering i samband med store infrastrukturprosjekt. 	saksframlegg punkt 5.1 og 5.1.2.
--	--	----------------------------------